



## Notat

Dato: 27.10.2015  
Arkivsak: 2014/10030-51  
Saksbehandlar: hilruns

---

<b>Til:</b>	Administrasjonsutvalet Opplærings- og helseutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Retningslinjer administrativ samanslåing av skular - løypemelding

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå møte i OPHE 18.08.15, sak 58/15 *Retningslinjer for administrativ samanslåing av skular*, der det vart fatta følgjande vedtak:

«Der det ligg føre vedtak om framtidig fysisk skulesamanslåing, har fylkesrådmannen fullmakt til å sette i verk ei administrativ samanslåing. OPHE skal informerast med melding når arbeid med administrativ samanslåing vert starta.

I Arna og Kvam vert det sett i verk administrativ samanslåing av skulane. Skulane på dei to stadane skal ha ei leing og vere ei økonomisk-administrativ eining seinast innan skulestart 2016.»

Fylkesrådmannen gir med dette ei kort løypemelding for arbeidet med gjennomføring av vedtaka som gjeld Arna vidaregåande skule og Garnes vidaregåande skule i Arna og Øystese gymnas og Norheimsund vidaregåande skule i Kvam.

Ved skulane i Arna og skulane i Kvam er det gjennomført fleire møte med rektorane over tid. I tillegg er det gjennomført møte med leiargruppene, tillitsvalde og verneombod om vedtak og vidare arbeid med gjennomføring av vedtaket. I samsvar med retningslinjer for administrativ samanslåing av skular er det oppretta omstillingsutval med representantar for kvar av dei to skulane som vert slått saman. Leiinga, tillitsvalde og hovudverneombod deltek frå dei involverte skulane saman med representantar frå opplæringsavdelinga, HR, omstillingstillitsvald og fylkeshovudverneombodet.

Det er utarbeidd framdriftsplanar for arbeidet med administrativ samanslåing med sikte på at skulane i Arna og skulane i Kvam skal ha felles leing frå 01.08.16. Samarbeid og samorganisering vert lagt til rette med sikte på felles oppstart av skuleåret 2016/17. Når felles rektor er på plass, vil arbeidet med felles leiargruppe, stillingsplan og personalhandtering og planlegging og organisering av nytt skuleår kunne førast i mål som ledd i arbeidet fram til ein samlokalisert skule. Samorganisering og samlokalisering av skular inneber omstillingsprosessar og utvikling av ein felles lærande organisasjonskultur. Erfaringar, t.d. frå skular som Thor Heyerdahl vgs og Færder vgs i Vestfold, viser at dersom ein startar utviklingsarbeidet allereie i planleggingsfasen av framtidige skuleanlegg, lykkast ein best med å ta nye læringsareal i bruk og bygge ny, felles kultur og identitet.

Stillingar som rektor ved dei samorganiserte skulane i Arna og Kvam vert lyst ut eksternt i midten av november 2015. Det er vidare planlagt intern rekruttering til andre stillingar ved dei samorganiserte skulane.

Arbeidet vert gjennomført etter dei ni omstillingsreglane, reglane for handsaming av overtalsaker og retningslinjer for moglege tiltak ved omstillingar.

Både i Arna og i Kvam er det gjennomført møte med personalet ved dei involverte skulane, der m.a. arbeidet med omstilling og personalhandtering er gjennomgått. Hordaland fylkeskommune legg stor vekt på å sikre arbeidsmiljøet under omstillingar, og omstillingsutvala med brei representasjon er viktige i denne samanhengen. Samtidig vert det lagt vekt på medverknad på alle nivå med m.a. informasjons- og drøftingsmøte, AMU-møte og møte i andre aktuelle utval ved skulane. Økonomi- og organisasjonsavdelinga v/HR har ein viktig støttefunksjon, og det vert ved behov initiert samarbeid og bistand frå Bedriftshelsetenesta (BHT).

Framdriftsplanen for omstillingsarbeidet ved skulane i Arna er lagt opp i høve til at vedtak i saker knytt til plassering og dimensjonering av fagtilbod innan MK, KDA og ST i Stor-Bergen, kan ha innverknad på fagtilbod, elevtal og tal tilsette ved den samorganiserte vidaregåande skulen i Arna.